



Møteprotokoll

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Volda samfunnshus, festsalen
Dato:	26.05.2026
Tid:	kl. 13.00

Frammøtte	Representerer	Funksjon
Margrete Trovåg	Ap	medlem
Sverre Leivdal	Ap	varaordfører
Bjørnar Fylling	Frp	medlem
Heidi Berg-Rusten Grevstad	H	medlem
Sindre Rotevatn	H	medlem
Jørund Stig Knardal	KrF	medlem
Ola Perry Saure	SP	medlem
Sølvi Dimmen	SP	ordfører
Kari Aslaug Hasle	SV	medlem

Andre som møtte

Erlend Bae – seksjonsleiar interkommunal legevakt
Heidi Istad - planleggar
Jørgen Vestgarden – avdelingsleiar utviklingsavdelinga
Rune Sjurgard - kommunedirektør
Sonja Håvik – møtesekretær
Svein Berg-Rusten – kommunalsjef helse og omsorg
Tor Halvar Flacké Botnen – kommunalsjef samfunnsutvikling
Grindaker deltok på Teams

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 92/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/1668
PS 93/26	Godkjenning av protokoll	26/1668
PS 94/26	Orienteringar	26/1668
OS 67/26	Områdeplan for Volda sentrum	26/1668
OS 68/26	Motsegn vedkomande asfalteringspålegg, tvangsmulkt og erstatningskrav frå Steinsvik Olivine	19/14922
OS 69/26	Orientering om opptak til skulefritidsordninga skuleåret 2026/2027	24/5265
OS 70/26	Møtereferat Tverrkommunal politisk arbeidsgruppe 12.05.26	20/4856
OS 71/26	Høyring av standardiserte minimumskrav om nullutsleppsløysingar og biogass på offentlege bygge- og anleggsplassar	26/1
OS 72/26	Førespurnad om å ta opp sak om leksefri skule i kommunestyret	26/1538
OS 73/26	Eigarmøte Muritunet	
OS 74/26	Barnehagetilbod Folkestad	
PS 95/26	Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane	20/5184
PS 96/26	Innsparingstiltak i Båt- og bilambulansetenesta i Møre og Romsdal	26/1428
PS 97/26	Endring av prismodell for kommunale bustadfelt	26/1576
PS 98/26	Sal av gbnr. 18/229	26/1581
PS 99/26	Ny felles gebyrforskrift for vatn og avløp i sjustjerna	26/1001
PS 100/26	Samarbeid om tilsyn etter forureiningslova	24/2587

PS 101/26	Lokal forskrift om utvida bandtvang på hund i Volda kommune	25/3463
PS 102/26	Mellombels endring av skjenketider under fotball-VM 2026	26/1539
PS 103/26	Referatsaker	26/1668
PS 104/26	Delegerte saker	26/1668

Volda, 27.05.2026

Sølvi Dimmen
ordfører

PS 92/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå ordføraren og Sverre Leivdal (Ap), vart godkjent.

Behandling:

Sverre Leivdal (Ap) informerte om eigarmøte i Muritunet og bad om innspel frå formannskapet.

Ordføraren viste til usikkerheit om barnehagesaka på Folkestad og ønskte å setje saka på dagsorden.

Ordføraren viste vidare til vedtak i den ekstraordinære generalforsamlinga i Voldsfjordkryssing, der selskapet rettar spørsmål til kommunen om å dekke utgifter knytte til rekneskapen. Kommunedirektøren informerte om at Volda kommune ikkje har motteke ei formell førespurnad i saka og har difor ikkje teke stilling til dette.

PS 93/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Møteprotokollen frå møte 12.05.2026 vart godkjent.

PS 94/26 Orienteringar

OS 67/26 Områdeplan for Volda sentrum

Arkitektelskapet Grindaker var med på Teams og fekk innspel frå formannskapet og svara på spørsmål om områdeplanen for Volda sentrum. Sakshandsamar Heidi Istad informerte om den vidare prosessen i saka.

OS 68/26 Motsegn vedkomande asfalteringspålegg, tvangsmulkt og erstatningskrav frå Steinsvik Olivine

Avdelingsleiar for utviklingsavdelinga, Jørgen Vestgarden, orienterte om at kommunen opprettheld tidlegare vedtak, sidan det ikkje ligg føre nye opplysningar i saka.

OS 69/26 Orientering om opptak til skulefritidsordninga skuleåret 2026/2027

OS 70/26 Møtereferat Tverrkommunal politisk arbeidsgruppe 12.05.26

OS 71/26 Høyring av standardiserte minimumskrav om nullutsleppsløysingar og biogass på offentlege bygge- og anleggsplassar

Formannskapet drøfta saka og ønskte å få saka til behandling.

OS 72/26 Førespurnad om å ta opp sak om leksefri skule i kommunestyret

Formannskapet drøfta saka og var samde i at initiativet frå elevane om eit prøveprosjekt på leksefri skule, er godt knytt til elevdemokratiet. Det vart bedt om at oppvekst gjer ei brei vurdering av tiltaket og at saka vert drøfta av lærarar, FAU og elevråd ved Øyra skule. Formannskapet ber om tilbakemelding når dette er gjennomført.

OS 73/26 Eigarmøte Muritunet

Varaordførar Sverre Leivdal informerte om at han skal delta på eigarmøte for Muritunet. Muritunet er ein viktig institusjon knytt til rehabilitering på Sunnmøre. Formannskapet drøfta saka og gav innspel til varaordføraren for vidare oppfølging på eigarmøte.

OS 74/26 Barnehagetilbod Folkestad

Ordføraren orienterte om at det enno ikkje var bestemt korleis barnehagetilbodet skulle organiserast dei dagane det er dagsentertilbod på Folkestadtun og at det skaper uro og usikkerheit. I det tidlegare vedtaket var det lagt til grunn forventning om fleksibilitet frå alle partar for å få til ei samla løysing knytt til Folkestad barnehage/Folkestadtun. Kommunedirektøren presiserte at dette er ei praktisk og mellombels løysing, som ikkje er optimal for nokon av partane. Formannskapet vil få ei munnleg orientering i neste møte.

PS 95/26 Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1.Volda kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefelleskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande

direktør, klinikkssjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale.

Behandling:

Votering

Innstillinga frå kommunedirektøren vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (2 stemmer), AP (2 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), FrP (1 stemme).

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Volda kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefelleskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkssjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale.

PS 96/26 Innsparingstiltak i Båt- og bilambulansetjenesta i Møre og Romsdal

Vedtak:

Formannskapet vedtek vedlagde høyringsuttale til "Utgredning om innsparingstiltak i Båt- og bilambulansetjenesten"

Behandling:

Erlend Bae, seksjonsleiar interkommunal legevakt, orienterte.

Votering

Innstillinga frå kommunedirektøren vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (2 stemmer), AP (2 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), FrP (1 stemme).

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet vedtek vedlagde høyringsuttale til "Utgredning om innsparingstiltak i Båt- og bilambulansetjenesten"

PS 97/26 Endring av prismodell for kommunale bustadfelt

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek omgjerung av dagens prismodellar for dei kommunale bustadfelt i Volda kommune til ny, felles modell med gjennomsnittleg kvadratmeterpris per bustadfelt. Den gjennomsnittlege kvadratmeterprisen er basert på alle tomteprisane i det aktuelle feltet rekna ut etter dagens prismodell. Det gir følgjande kvadratmeterprisar:

- Engeset/Klepp:	1.070,43,- per m2
- Bratteberg:	530,87,- per m2
- Gjerdeplassen på Fyrde:	244,75,- per m2
- Fannemel:	241,41,- per m2
- Myraskogane:	151,95,- per m2
- Treneset:	274,04,- per m2
- Straumshamn:	165,12,- per m2
- Steinhagen:	221,45,- per m2
- Gotene/Lid:	180,10,- per m2
- Kirkhornbakkane:	197,85,- per m2
- Revsholen:	214,74,- per m2
- Løvland (einebustadar):	924,- per m2
- Løvland (konsentrert):	1.484,56,-

Dei gjennomsnittlege kvadratmeterprisane skal gjelde frå vedtaksdato til og med 31.12.2026. Etter dette skal kvadratmeterprisane indeksregulerast årleg frå 01.01 i tråd med utviklinga i KPI for føregåande kalenderår (01.01 - 31.12).

For bustadfelt Straumshamn og Revsholen gjeld gjennomsnittleg kvadratmeterpris den kommunale delen av samla tomtepris. For desse to felt skal det i tillegg betalast grunnpris som tilkjem grunneigar sidan kommunen ikkje eig grunnen sjølv. Grunnprisen skal indeksregulerast i tråd med avtalane kommunen har inngått med grunneigarane.

Utover gjennomsnittleg kvadratmeterpris skal kjøpar betale alle omkostingar knytt til oppmåling, tinglysing av målebrev og skøyte, samt tilkopling til vatn- og avløpsanlegg i tråd med Volda kommune sine til ei kvar tid gjeldande satsar.

Prisen for den konsentrerte tomte på Engeset/Klepp og den konsentrerte tomte på Kirkhornbakkane skal fastsettast gjennom eiga verdivurdering som innhentast i samband med sal.

Tidlegare vedtak om prisfastsetting gjerast om inkje.

Behandling:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Tor Halvar Botnen svara på spørsmål frå formannskapet.

Votering

Innstillinga frå kommunedirektøren vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (2 stemmer), AP (2 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), FrP (1 stemme).

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek omgjerung av dagens prismodellar for dei kommunale bustadfelt i Volda kommune til ny, felles modell med gjennomsnittleg kvadratmeterpris per bustadfelt. Den gjennomsnittlege kvadratmeterprisen er basert på alle tomteprisane i det aktuelle feltet rekna ut etter dagens prismodell. Det gir følgjande kvadratmeterprisar:

- Engeset/Klepp:	1.070,43,- per m2
- Bratteberg:	530,87,- per m2
- Gjerdeplassen på Fyrde:	244,75,- per m2
- Fannemel:	241,41,- per m2
- Myraskogane:	151,95,- per m2
- Treneset:	274,04,- per m2
- Straumshamn:	165,12,- per m2
- Steinhaugen:	221,45,- per m2
- Gotene/Lid:	180,10,- per m2
- Kirkhornbakkane:	197,85,- per m2
- Revsholen:	214,74,- per m2
- Løvland (einebustadar):	924,- per m2
- Løvland (konsentrert):	1.484,56,-

Dei gjennomsnittlege kvadratmeterprisane skal gjelde frå vedtaksdato til og med 31.12.2026. Etter dette skal kvadratmeterprisane indeksregulerast årleg frå 01.01 i tråd med utviklinga i KPI for føregåande kalenderår (01.01 - 31.12).

For bustadfelt Straumshamn og Revsholen gjeld gjennomsnittleg kvadratmeterpris den kommunale delen av samla tomtepris. For desse to felt skal det i tillegg betalast grunnpris som tilkjem grunneigar sidan kommunen ikkje eig grunnen sjølv. Grunnprisen skal indeksregulerast i tråd med avtalane kommunen har inngått med grunneigarane.

Utover gjennomsnittleg kvadratmeterpris skal kjøpar betale alle omkostingar knytt til oppmåling, tinglysing av målebrev og skøyte, samt tilkopling til vatn- og avløpsanlegg i tråd med Volda kommune sine til ei kvar tid gjeldande satsar.

Prisen for den konsentrerte tomta på Engeset/Klepp og den konsentrerte tomta på Kirkhornsbakkane skal fastsettast gjennom eiga verdivurdering som innhentast i samband med sal.

Tidlegare vedtak om prisfastsetting gjerast om inkje.

PS 98/26 Sal av gbnr. 18/229

Vedtak:

Saka vert utsett og det vert lagt til rette for synfaring i seinare møte.
Formannskapet ber om at følgande vert avklart før saka kjem attende til avgjerd: Vil salget hindre frådeling av bustadtomt, kan ein inngå ein avtale mellom 3 partar om fordeling av areal. Formannskapet vil også ha framlagt tidlegare sakshistorikk.

Behandling:

Forslag til vedtak:

Nytt forslag frå Sølvi Dimmen (SP):

*Saka vert utsett og det vert lagt til rette for synfaring i seinare møte.
Formannskapet ber om at følgande vert avklart før saka kjem attende til avgjerd: Vil salget hindre frådeling av bustadtomt, kan ein inngå ein avtale mellom 3 partar om fordeling av areal. Formannskapet vil også ha framlagt tidlegare sakshistorikk.*

Votering

Utsettingsforslaget vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (2 stemmer), AP (2 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), FrP (1 stemme).

Kommunedirektøren si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

PS 99/26 Ny felles gebyrforskrift for vatn og avløp i sjustjerna

Vedtak:

Volda formannskap vedtek å leggje forslag til felles gebyrforskrift for vatn og avløp ut på høyring, slik det ligg føre i vedlegg 1.

Tidlegare gebyrforskrift i **Forskrift for vann- og avløpsgebyr, Volda kommune, Møre og Romsdal** gjeld fram til endeleg vedtak.

Behandling:

Votering

Innstillinga frå kommunedirektøren vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (2 stemmer), AP (2 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), FrP (1 stemme).

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda formannskap vedtek å leggje forslag til felles gebyrforskrift for vatn og avløp ut på høyring, slik det ligg føre i vedlegg 1.

Tidlegare gebyrforskrift i **Forskrift for vann- og avløpsgebyr, Volda kommune, Møre og Romsdal** gjeld fram til endeleg vedtak.

PS 100/26 Samarbeid om tilsyn etter forureiningslova

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret vedtar

1. å delta i tilsynsasamarbeidet på Søre Sunnmøre. Samarbeidet vert organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven §20-2.
2. samarbeidsavtalen for tilsyn av spredt avløp.
3. å legge **Forskrift om gebyrer for saksbehandling og kontroll etter forurensnings-regelverket, Volda kommune, Møre og Romsdal fylke** ut til offentleg ettersyn
4. at tilsynssamarbeidet skal vere sjølvkostfinansiert. Alle kostnadar knytt til tilsynsaktiviteten skal dermed finansierast av gebyret tilsyn- og søknadsgebyr som tilsynet handsamar.
5. at tilsynssamarbeidet får tilsette 2 personar og gjere innkjøp naudsynte for å drive tilsynsaktivitet, herunder også leige av lokale.
6. å delegere mynde og oppgåver til vertskommunen Volda etter følgjande lovverk og forskrifter, etter kommunelova **§ 20-2.Administrativt vertskommunesamarbeid, annet ledd:**
 - Forureingsloven §7, §11, §18, §22 og §48
 - Kapittel 12, 13 og 15 i forureingsforskrifta
 - Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg med unntak av §2 om kommunal overtaking av private avløpsanlegg.
 - Plan og bygningsloven §§20-1, 20-2, 21-2, 21-7, 21-4 og 27-2

Etter handsaming i kommunane vert avtalen oppdatert med dei kommunane som vert med i samarbeidet.

Behandling:

Kommunedirektøren bad om at følgjande tekst vert lagt til tilrådinga:

Etter handsaming i kommunane vert avtalen oppdatert med dei kommunane som vert med i samarbeidet.

Votering

Innstillinga frå kommunedirektøren vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (2 stemmer), AP (2 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), FrP (1 stemme).

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtar

1. å delta i tilsynsasamarbeidet på Søre Sunnmøre. Samarbeidet vert organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven §20-2.
2. samarbeidsavtalen for tilsyn av spredt avløp.
3. å legge **Forskrift om gebyrer for saksbehandling og kontroll etter forurensnings-regelverket, Volda kommune, Møre og Romsdal fylke** ut til offentlig ettersyn
4. at tilsynssamarbeidet skal vere sjølvkostfinansiert. Alle kostnader knytt til tilsynsaktiviteten skal dermed finansierast av gebyret tilsyn- og søknadsgebyr som tilsynet handsamar.
5. at tilsynssamarbeidet får tilsette 2 personar og gjere innkjøp naudsynte for å drive tilsynsaktivitet, herunder også leige av lokale.
6. å delegere mynde og oppgåver til vertskommunen Volda etter følgjande lovverk og forskrifter, etter kommunelova **§ 20-2. Administrativt vertskommunesamarbeid, annet ledd:**
 - Forurensningsloven §7, §11, §18, §22 og §48
 - Kapittel 12, 13 og 15 i forurensningsforskrifta
 - Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg med unntak av §2 om kommunal overtaking av private avløpsanlegg.
 - Plan og bygningsloven §§20-1, 20-2, 21-2, 21-7, 21-4 og 27-2

PS 101/26 Lokal forskrift om utvida bandtvang på hund i Volda kommune

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Volda kommunestyre vedtek lokal forskrift om utvida bandtvang på hund i perioden 21. august t.o.m. 31. oktober, gjeldande på inn- og utmark i heile kommunen, etter § 6 pkt. e i hundelova. Grunngeving er omsynet til husdyr på beite.

Behandling:

Votering

Innstillinga frå kommunedirektøren vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (2 stemmer), AP (2 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), FrP (1 stemme).

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommunestyre vedtek lokal forskrift om utvida bandtvang på hund i perioden 21. august t.o.m. 31. oktober, gjeldande på inn- og utmark i heile kommunen, etter § 6 pkt. e i hundelova. Grunngeving er omsynet til husdyr på beite.

PS 102/26 Mellombels endring av skjenketider under fotball-VM 2026

Vedtak:

Formannskapet vedtek at Volda kommune bør opne for mellombels utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrar 2026, slik det er lagt opp til i den mellombelse lovendringa.

Formannskapet vedtek at den utvida skjenketida berre skal gjelde ved direktesende VM-kampar, og berre for skjenkestader som viser kampene for gjestene sine. Ordninga vil vere avgrensa til perioden 11. juni til 19. juli 2026 og gjelde skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2. Det vert berre opna for å gje utvida skjenketid på areal inne.

Den mellombelse utvida skjenketida for alkoholgruppe 1 og 2 blir frå klokka 11.00–06.00. Det må søkast om utvida skjenketid.

Kommunedirektøren får mynde til å handsame søknader om utvida skjenketid i samband med vising av VM-kampar i samsvar med kapittel 4.4 i alkoholpolitisk plan.

Ordninga vil sikre mest mogleg like konkurransevilkår for serverings- og utelivsnæringa i Volda samanlikna med nabokommunane. Det vert samstundes understreka at skjenkestadene framleis må sikre forsvarleg drift og følgje gjeldande regelverk og vilkår i skjenkeløyva.

På denne bakgrunnen vedtek formannskapet at Volda kommune opnar for mellombels utvida skjenketid ved direktesende VM-kampar i tråd med den mellombelse lovendringa i alkohollova.

Vedtaket er gjort med heimel kommunelova § 11-8, 1. ledd (hastesak).

Behandling:

Redaksjonell endring av vedtak, *kommunedirektøre tilrår/vudera* vert endra til *formannskapet vedtek*.

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren fekk 7 stemmer og vart vedtatt, 2 stemmer mot.

Stemte for parti: AP (2 stemmer), SP (2 stemmer), H (2 stemmer), FrP (1 stemme)

Stemte mot parti: SV (2 stemmer)

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren vurderer at Volda kommune bør opne for mellombels utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrar 2026, slik det er lagt opp til i den mellombelse lovendringa.

Kommunedirektøren tilrår at den utvida skjenketida berre skal gjelde ved direktesende VM-kampar, og berre for skjenkestader som viser kampene for gjestene sine. Ordninga vil vere avgrensa til perioden 11. juni til 19. juli 2026 og gjelde skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2. Det vert berre opna for å gje utvida skjenketid på areal inne.

Den mellombelse utvida skjenketida for alkoholgruppe 1 og 2 blir frå klokka 11.00–06.00. Det må søkast om utvida skjenketid.

Kommunedirektøren får mynde til å handsame søknader om utvida skjenketid i samband med vising av VM-kampar i samsvar med kapittel 4.4 i alkoholpolitisk plan.

Ordninga vil sikre mest mogleg like konkurransevilkår for serverings- og utelivsnæringa i Volda samanlikna med nabokommunane. Det vert samstundes understreka at

skjenkestadene framleis må sikre forsvarleg drift og følgje gjeldande regelverk og vilkår i skjenkeløyva.

På denne bakgrunnen tilrår kommunedirektøren at Volda kommune opnar for mellombels utvida skjenketid ved direktesende VM-kampar i tråd med den mellombelse lovendringa i alkohollova.

Vedtaket er gjort med heimel kommunelova § 11-8, 1. ledd (hastesak).

PS 103/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Revisjon av konsesjonsvilkår for Åmela kraftverk - NVEs vedtak

PS 104/26 Delegerte saker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
11/26	Vedtaksbrev - Skjenkeløyve Timberman hallen 30.05.26